

26.10.2015

Vedkomande utdanningsval og rådgjevingsteneste på Knarvik ungdomsskule.

På ungdomstrinnet skal elevane ha 110 timar i faget utdanningsval for 8-10 trinn. Fordelinga av timane er slik:

8. trinn	38 timar
9. trinn	38 timar
Praktisk yrkesorientering eller arbeidsveka våren i 9. trinn	23 timar
Hospitering vidaregåande skule 9. trinn vår	10 timar
Hospitering vidaregåande skule haust 10 trinn	10 timar
<u>Sum</u>	<u>119 timar</u>

For elevar som gjekk ut våren 15 var fordelinga av undervisninga i utdanningsval litt annleis. Vi endra dette grunna omlegging til 60 minuttstimar. Fordelinga var:

8. trinn: ½ time a 45 min	14,5 timar
9. trinn: 1 time pr veke	38 timar
10 trinn: 0,5 time pr	19 timar
Praktisk yrkesorientering eller arbeidsveka våren i 9. trinn	23 timar
Hospitering vidaregåande skule 9. trinn vår	10 timar
Hospitering vidaregåande skule haust 10 trinn	10 timar
<u>Sum</u>	<u>114,5 timar</u>

Rådgjevar har tidvis trong for å snakke med klassane for å koordinere arbeidsveka, hospitering vgs samt felles informasjon til elevane. Dette vert tidvis gjort i andre fag.

I tillegg kjem individuell rådgjeving med rådgjevar. Dette kan variere for elevane kva trong den einskilde har. Knarvik ungdomsskule har styrkja rådgjevartenesta dei siste året og bruker 52% stilling. Dette tilsvarar ramma for både rådgjevar og sosiallærar.

Eit anna tiltak skulen nyttar for nokre grupper elevar er arbeidslivsfag. Dette er eit alternativ til 2. fremmenspråk. Dei elevane som vel dette får i løpet av 3 år på ungdomsskulen prøvd seg på 6 ulike programområde i vidaregåande opplæring. Dette er lagt opp slik fordi ein skal gjera elevane i strand til å velje rett fag på vidaregåande skule.

Elevane får slik rektor ser det fleire timar til utdanningsval enn det som ligg inne i fagplanane. Ved korttidsfråvær hender det difor at elevane får andre fag enn utdanningsval. Totalt timetal er likevel innanfor det som elevane skal ha.

Olaf M Hella
Rektor

